

Mykje aktivitet i Sat-7 Arabic

Det er stor aktivitet med dei NORAD-støtta produksjonane i **SAT-7 Arabic**. På nyåret skal dei på lufta med ein dramaserie, eit samtaleprogram og fleire små infoklipp som alle på kvar sitt vis tar for seg utfordringane som unge menneske i den delen av verda må forholde seg til - med særleg fokus på tema knytt til trusfridom og likestilling.

Gjennom drama vil dei vekka følelsar rundt kjente situasjonar og dilemma, og samtalanane vil i neste omgang kasta lys over det same, men meir i eit kunnskaps- og informasjons- perspektiv. Dei små filmsnuttane som kjem til å bli sendt innimellom andre program tar det eitt steg vidare: Kva gjer eg med dette?

Denne hausten trur eg det er sett ny rekord for antall nordmenn som har besøkt SAT-7, over 200 i alle fall! Dette er berre dei besøka som NMS har vore med på å tilrettelegga!

- Plussreiser sine bibelferierande på Kypros - SAT-7 PARS Limassol
- Prestane i Stavanger bispedøme - SAT-7 TÜRK Istanbul
- Prestane i Møre bispedøme - SAT-7 ARABIC Kairo
- Deltakarar på NMS-reise til Egypt - SAT-7 ARABIC Kairo

Noko av det som skjer når me får sjå og høyra, møta menneska som arbeider i prosjekta, er at me fortel eigne historier. Til hausten inviterer NMS sine Midtøsten-menigheter og -givarar på ny Egypt-tur med Åslaug Ihle Thingnæs som reiseleiar (23/9 - 4/10).

Av: Åslaug Ihle Thingnæs

Stor glede på det teologiske seminaret i Kairo

På det teologiske seminaret i Kairo gler dei seg til å opna fire nye senter, lokalisert i andre etasje i nabobygget. Det er fleire år sidan dei kjøpte areala. Finansiering av innreiinga har tatt tid, men no er dei klare. I fine, praktiske lokale etablerer dei følgjande senter; musikk og song, samfunn og kontekst, online undervisning og alumni. NMS har lenge støtta online-filialen i Alexandria. Det har vore flott å følgja utviklinga frå dei begynte med å senda forelesningar på direkten til at dei no har eit opplegg der studentar kan følgja undervisninga når og kor det passer. Senteret i Alexandria er framleis i drift og tilbyr eit lite bibliotek, klasse- og grupperom i tillegg til at lærarane kan treffast der frå tid til annan.

Av: Åslaug Ihle Thingnæs



I oktober var Åslaug Ihle Thingnæs på farvel-besøk til seminaret. Ho går av med pensjon - saman med sine to kollegaer, Klaus-Christian Küspert og Espen Topland. Dei vart som vanleg tatt varmt imot av rektor Atef Gendy og leiar for internasjonale relasjonar Mariam Hanna.

Les mer om Midtøsten og arbeidet på:
nms.no/finndinmenighet

Hva gjør vi i Midtøsten?

Mediearbeid står sentralt for NMS i Midtøsten. Via Satellitt-TV forkynnes evangeliet, og alternative holdninger og verdier blir formidlet til mange både på TV- og data-skjermen. Interaktive nettsider er strategisk og gir gode muligheter for samtaler om eksistensielle og praktiske spørsmål. Ikke minst med tanke på dem som ikke kan lese og skrive er TV av stor betydning. Sammen med våre partnere støtter vi opp om forfulgte kristne, både praktisk og økonomisk. Kvinners rettigheter er også en viktig del av arbeidet, og flere prosjekt retter seg spesielt mot kvinner som er utsatt for vold og overgrep. I tillegg støtter vi Bibelselskapet i Egypt i deres arbeid med å gjøre Bibelen tilgjengelig for folk flest.